

Lokal Agenda **21** fylke

HANDLINGSPROGRAM 2002



Innhold

Side

<u>1.</u>	<u>Samandrag</u>	2
<u>2.</u>	<u>Handlingsprogram 2002</u>	2
<u>3.</u>	<u>Om LA21</u>	2
<u>4.</u>	<u>Prioriterte prosjekt og tiltak i 2002</u>	3
4.1	<u>Lokal Agenda 21- prosjekt i kommunane/regionale møteplassar</u>	3
4.2	<u>Energiplan</u>	3
4.3	<u>Miljøprisen</u>	3
4.4	<u>”Hordaland på sykkel”</u>	3
4.5	<u>Miljøfyrtårn</u>	4

1. Samandrag

Program for Lokal Agenda 21 i fylket vert vidareført som ein del av fylket sin miljøpolitikk. Med grunnlag i det fylkeskommunale LA-21-programmet som vart vedteken i 1997 er det foreslått prosjekt og tiltak for 2002. Budsjettramman er kr 932 000,-. Hovudsatsinga er vidareføring av støtte til kommunane/regionale møteplassar, ferdigstilling av energiplanen og vidareføring av prosjektet "Hordaland på sykkel". Miljøprisen skal delast ut også i år. "Miljøfyrtårn" er foreslått som nytt tiltak i 2002.

2. Handlingsprogram 2002

Sidan handlingsprogrammet Lokal Agenda 21 for fylket vart vedteken i 1997 har det vore ein årleg rullering av programmet, med prioritering av prosjekt og økonomi innafor den gitte budsjettramman. Den totale ramman er for inneverande år kr 932 000,-.

Tiltak/prosjekt	Budsjett 2002
LA-21-tiltak i kommunane/regionale møteplassar	437 000
Miljøpris 2001	45 000
Fylkesdelplan for energi	75 000
"Hordaland på sykkel"	300 000
Miljøfyrtårn (nytt tiltak)	75 000
SUM	932 000

3. Om LA21

Omgrepet Lokal Agenda 21 vart til under FN-konferansen om miljø- og utvikling i Rio de Janeiro som var ei oppfølging av Brundtland-kommisjonen sitt arbeid. Konferansen vedtok ein handlingsplan for det 21. århundre, Agenda 21. I kapittel 28 i Agenda 21 vender FN seg direkte til lokale styresmakter og lokalsamfunna verda over og utfordrar dei til å vere hovudaktørar i arbeidet for ei berekraftig utvikling. Hovudutfordringa er å gjere globale miljø- og utviklingsproblem relevant for lokal handling gjennom dialog og samhandling med næringsliv, organisasjonar og innbyggjarane.

Lokal Agenda 21 er såleis ei internasjonal forplikting til å byggje på lokalt engasjement og omsette dette til handling for å nå målet om berekraftig utvikling. I arbeidet med Lokal Agenda 21 er det peikt på fylgjande vegvisarar:

- Globalt ansvar
- Langsiktig tidsperspektiv
- Heilskapssyn og tverrsektoriell tenking
- Brei medverknad
- Auka kunnskap

Arbeidet med Lokal Agenda 21 har ført til at lokale og regionale styresmakter verda over no er blitt viktigare og meir sjølvstendige aktørar i utforming av nasjonal og internasjonal politikk for å nå målet om ei berekraftig utvikling. I Noreg er alle fylkeskommunar og mange kommunar i gang med arbeidet og fleire er på veg.

Den nasjonale LA21-konferansen SYNERGI 21 i Stavanger oktober 2001 var ei nasjonal mønstring. Hordaland fylke var representert på konferansen med utsitling i samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, KS-Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland, frivillige organisasjonar og fleire kommunar.

Utanriksdepartementet (UD) arbeider nå med ein nasjonal strategi for bærekraftig utvikling, som skal leggjast fram på FN-toppmøte om bærekraftig utvikling i Johannesburg til hausten (Rio +10). Det har i samband med dette arbeide frå mange hald vore retta søkelyset mot trong for ein Nasjonal Agenda 21, ein handlingsplan som konkretiserer kva som skal gjerast og kor ansvaret for oppfølging innan ulike samfunnssektorar skal liggje.

KS har i fleire år vore ein sentral deltakar i arbeidet med Lokal Agenda 21, mellom anna gjennom dei regionale LA 21-knutepunkta som har hatt til oppgåve å stimulere lokalt arbeid for berekraftig utvikling. Denne satsinga er under avvikling grunna kutt i støtte frå departementet. LA-21 arbeidet bør vere ein viktigare del av fylkeskommunen si regionalpolitiske rolle i tida som kjem.

4. Prioriterte prosjekt og tiltak i 2002

Sidan handlingsprogrammet Lokal Agenda 21 for fylket vart vedteken i 1997 har det vore ei årleg rullering av programmet, med prioritering av tiltak og økonomi innafor den gitte budsjettamma.

4.1 Lokal Agenda 21- tiltak i kommunane/regionale møteplassar

Midlane vil bli fordelt til prosjekt i kommunar, organisasjonar og til regionale aktørar etter søknad samt informasjon, annonsering, samordning m.m.

Arbeidsgruppa for LA21 i fylket (miljøkoordinatoren/KS-knutepunktet, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannens miljøvernnavdeling, Forum for lokalt miljøvern (FLM) og miljøheimevernet) vil ta initiativ til LA21- konferanse i 2002. Eventuelle restmidlar vert fordelt ved slutten av året.

Budsjett 2002: kr 437 000,-.

Ansvar: RU; Plan- og miljøseksjonen

4.2 Energiplan

”Fylkesdelplan for energi” har i sin heilskap vore finansiert over LA-21-budsjettet. Planarbeidet er no i slutfasen. Kostnadene er knytt til trykking av plandokumentet. Midlane kan og nyttast til tiltak i samband med oppfølging av planen.

Budsjett 2002: kr 75 000,-.

Ansvar: RU; Plan- og miljøseksjonen

4.3 Miljøprisen

Ein satsar også i 2002 på utdeling av Miljøprisen for Hordaland. Ein satsar på å få noko meir blest om prisen for å få inn gode forslag til kandidatar og ein sterkare kopling til LA-21-satsing i lokalsamfunna.

Budsjett 2002: kr 45 000,-.

Ansvar: RU; Plan og miljøseksjonen

4.4 ”Hordaland på sykkel”

Auka bruk av sykkel i kvardagen vil vere viktig i høve til å endre transportmønster og åtferd og redusere bruken av bil. Transportsykling vil bidra til reduksjon av lokal forureining i Bergen sentrum samstundes som det må sjåast som førebyggjande for helse- og trivsel. Føresetnaden for auka sykkelbruk er større grad av tilrettelegging og fysisk infrastruktur for å betre tryggleik og positiv stimulering.

”Hordaland på sykkel” inneheld to aktivitetar; ”Sykle i kvardagen” og ”Sykkelturisme”. Det vart gjennomført ein sær sars vellukka ”sykle til jobb aksjon” i sentraladministrasjonen i Hordaland fylkeskommune. Det vart og kjøpt inn 4 ”by-syklar” til bruk for dei tilsette. Aksjonen skal utvidast til fleire fylkeskommunale organisasjonar i 2002. Utarbeiding av eit sykkelkart for Hordaland er eit tiltak som ein vil kunne finansiere mellom anna v.h.a friluftsmidlar. Det vert satsa på å vidareføre EU-prosjektet ”Nordsjøsykkeleruta”. Dette prosjektet vert sett i samangang med ”Hordaland på sykkel” Det vert trong for eigen koordinator til desse aktivitetane.

Budsjett 2002: kr 300 000,-

Ansvar: RU; Plan og miljøseksjonen

4.5 Miljøfyrtårn

”Miljøfyrtårn” er eit nytt tiltak i LA21-programmet. Dette vert ei oppfølging av ein informasjons- og inspirasjonskonferanse om miljøsertifisering hausten 2001 som Hordaland fylkeskommune arrangerte i samarbeid med KS-Hordaland og Bergen kommune. Ein satsar på å støtte kommunane i Hordaland i deira arbeid med miljøsertifisering av verksemder.

Aktivitetar i 2002:

1. Kurs for autorisering av ”miljøfyrtårn-sertifiserarar” i kommunane i samarbeid med det nasjonale miljøfyrtårnkontoret. Her vert det ei kostnadsdeling mellom SNP-midlar og LA-21.
2. Miljøsertifisering av ein skule. Utpeiking av ein pilotskule som skal sertifiserast som ”miljøfyrtårn”.

Budsjett 2002: 100 000,- (LA21midlar kr 75 000,-/RUP 25 000.-)

Ansvar: RU; Næringsseksjonen